



I kveld klokka 18 er det strikkekafe att i Gamleskulen og initiativtakar Jane Haaranes i Uskedalen Utvikling håpar at det kjem riktig mange sjølv om det er både vinterferie og OL.

Det er kanskje gunstig med litt variasjon i programmet?

Kristlaug frå Porselensbuo i Rosendal stiller opp også denne gongen med eit stort utval av garn og oppskrifter. Dersom nokon har garn og oppskrifter som dei skulle hatt tak i er det fullt mogleg å ringa til Kristlaug og be ho ta dei med. Nummeret er 534 80055.

Jane har no fått tilsendt rykande ferskt alpakkagarn som blir produsert i Vikedal og som ho har til sals. Garnet er ei heilt ny satsing og var ferdig spunne sist veke. Det er enno ikkje til sals i butikkane.

(Foto: Ola Matti Mathisen)